

Nr 3-2020, årgang 56

KYRKJELYDSBLAD

FOR NISSEDAL SOKN

med meldingsblad for Nissedal kommune



Treungen kyrkje



Nissedal kyrkje



Felle kapell



«SO BLÆDDE DEI SALMUR»

«Martyren» av Trygve Skaug

Ein kveld i slutten av august tek vi kontakt med Jon Kjetil Fossli, ein av dei mange unge frå kommunen vår som bur på andre kantar av landet. I nokre år har Jon Kjetil arbeidt som lærar på Nordfjord folkehøgskule. Dette skuleåret har han permisjon og held til i Oslo. Nordfjord folkehøgskule har mellom anna eit allsidig tilbod om ulike opplegg i friluftsliv.

- De fekk nok spesielle utfordringar med avslutninga av skuleåret i vår?

- Ja, vi syntest det blei ganske dramatisk då vi blei kalla heim frå fjelltur med teltleir i Hemsedal. Deretter måtte vi avvikle det vanlege opplegget på skulen så godt vi kunne. Det var ikkje anna råd enn at elevane måtte gje seg på heimveg. For å gjere den vanskelege tida så meiningsfull som råd, la vi vinn på å lage nokså allsidige opplegg med digital kontakt og med oppgåver som elevane kunne arbeide med heime. I haust er skulen i gang att med eit nytt skuleår med fullt elevtal, men med litt endra opplegg, bl.a. med færre til stades i matsalen, og at klassene held seg litt meir for seg sjølve.

- Du fått gode band både til folkehøgskulen og natur og bygdeliv i Nordfjord?

- Ja, eg har funne meg godt til rettes på skulen. Eg er òg blitt glad i den mektige naturen med blå fjordarmar, grønkledde lier og snødekte fjelltoppar. Eg trivst òg godt med folkelynet i bygdene her.

- For tida har vel folkehøgskulen god vind i segla?

- Ja, absolutt. I dei siste åra har det vore stor søking til folkehøgskulane. Det er tydeleg at mange unge gjerne vil ha med

seg eit år med eit litt friare opplegg utan karakterpress og poengsanking. Alle folkehøgskulane har nok sine særpreg, men både dei frilynde og dei kristne folkehøgskulane kan føre arven sin



attende til «folkehøgskulens far», den danske diktarpresten N.F.S. Grundtvig, han som tala om «den glade kristendom». Det er Normisjon som eig og driv Nordfjord folkehøgskule. I elevflokkene møter vi både dei som har med seg ei kristen tru, og dei som er meir på leit. Når elevar og lærarar bur og verkar tett saman, ser vi først og fremst at vi er menneske med sterke og mindre sterke sider, men at vi alle er skapte med «uendeleg verdi». Etter kvart som vi lærer kvarandre å kjenne, bryt vi òg ned fordommar hjå kvarandre. Vi har noko som vi kallar «kapellmøte». Ingen har plikt til å møte, men vi opplever stadig at mange kjem for å høre om tru og liv, og at mange etter kvart gjerne vil ha med seg ein himmel over livet.

- Heime på Nes voks du nok opp både med song og musikk, noko som òg høyrer med i folkehøgskulen. Og nå har du òg fått ei utfordring om å finne fram ein song som du set pris på?

- Ja, eg fekk med meg song og musikk frå eg var ein neve stor. I folkehøgskulen er det òg mykje song og musikk i ulike stilarter, noko som er med på å forme miljøet og skape trivsel. Eg er glad i mange

typar song og musikk. I det siste har eg fått stor sans for poeten og musikaren Trygve Skaug. I songen *Martyren* er det særleg refrengen *Gi meg et blikk som aldri viker* som talar til meg og skaper stemningar og

tankar, tankar som eg kan grunde på vidare og bli utfordra av.

TV

Martyren

Som en martyr rir jeg stolt inn i natta
Uten å vite hvilken kamp jeg skal ta
Når det blir så mørkt at jeg ikke klarer å skille
Mellom Fanden sjøl og Moder Theresa

Gi meg et blikk som aldri viker
Et håp som står av seg sjæl
Et hjerte som tåler å knuses
Uten at det slår seg i hjel
Gi meg bein som orker å løpe
Du er min nye drøm
Gi meg ei tru som flyter
Når jeg legger på svøm

Jeg tar hver kamp med sverdet i neven
Betaler med blod som ikke er mitt
Spørsmål om jeg overlever
Går Fanden og Moder Theresa hvert til sitt

Gi meg et blikk som aldri viker
Et håp som står av seg sjæl
Et hjerte som tåler å knuses
Uten at det slår seg i hjel
Gi meg bein som orker å løpe
Du er min nye drøm
Gi meg ei tru som flyter
Når jeg legger på svøm
Pause
Gi meg et blikk som aldri viker
Et håp som står av seg sjæl
Et hjerte som tåler å knuses
Uten at det slår seg i hjel
Gi meg bein som orker å løpe
Du er min nye drøm
Gi meg ei tru som flyter
Når jeg legger på svøm

Trygve Skaug, 2013

FRÅ KYRKJEKONTORET

Nå er vi endeleg godt i gang med kyrkjelege handlingar. Alle gudstenestene i sommar har vore gjennomført som planlagt.

Vi har laga kyrkjene/kapellet «koronavennlege», og vi følger heile tida dei siste reglane for smittevern.

27. sept. var det konsert i Nissedal kyrkje med Klara Hansen og Torbjørn Steinhaug
Konfirmasjonane har nå blitt gjennomført og det blei ei veldig fin markering for konfirmantane våre.

Konfirmantar våren 2021 er:

Stian Almelien Lauvdal
David Tarraldsen Johansen
Julianne Homme
Olav Aarak Underdal

Christopher Løyte
Thomas Birkedal Dahle
Bendik Fjalestad

Maria Skjæveland er tilsett som ny organist, ho startar i jobben 01.01.2021.

ANDAKT

av sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr

Det vonde auget, eller å «blikke».

Å «blikke» var noko eg høyrde om fyrst for eit par år sidan. Då var det snakk om mobbing på ein skule i Oslo. Det var snakk om utestenging av grupper eller enkeltmenneske.

I teksten frå Matt 20 vers 16: Ser du med vonde auge på at eg er god? Seier Jesus.

Tenk om vi alle kunne sjå på kvarandre med gode auget!? Det vonde auget har vore i folketrua frå eldgamal tid. Og vi finn det i mange kulturar over heile verda

Det er et bilette på misunning, eller at nokon vil deg vondt. Du kan då verja deg med ein amulett, eller ein magisk formel.

For om ein person ser på deg med eit vondt auge, kan det skje deg noko vondt, eller du kjem ut for eit uhell.

I Hellas har dei ein amulett som heiter MATI, den er forma som eit blått auge til å verna deg mot det vonde.

I jødedomen har dei ein amulett som heiter HAMSA som er forma som ei hand med eit auge på.

Som turist kan du og i nokre land finne grupper av folk som ikkje likar at du tar bilette av dei, for dei ser på det som eit vondt auge som stel sjela deira.

Den skal verna deg mot dei vonde blikka, eller det vonde auget.



I våre dagar er det kanskje og eit problem med alle mobilane med kamera. Det er så lett å ta ulovlege bilette og legge ut på sosiale media for å skade andre.

Eg trur ikkje på krafta i amulett. Men eg trur på Gud, og Guds godleik.

Gud er god og ser på oss med det gode auge. Han vil ikkje utanforskap, han vil ikkje at vi skal «blikke» kvarandre, han vil ikkje at vi skal mobbe kvarandre, eller misunne kvarandre. Han vil møte oss med si velsigning.

Difor er det å velsigne det finaste eg gjer som prest.

Då lyfter eg hendene og held handflatene mot kyrkjelyden. Og så får eg seie desse gode orda frå Gud:

Herren velsigne deg og vare deg

Herren la sitt ansikt lyse over deg

Herren lyfte sitt åsyn på deg

Og gje deg fred

ME STAKK INNOM

SOMYA EVJA - allsidig dame som stortrivst både med hagearbeid og vedfyring og mange ballar i lufta

Ein dag då ettermiddagssola så smått tek til med å spegle gulnande lier i eit septemberblått Nisser, helsar Somya varmt velkomen til Framnes i Kyrkjebygda. Før me stig inn i stoga til kaffi og kake, må me få med oss ei aldri så lita hagevandring bak huset. Medan husbonden Arne stadig kløyver kubbar og lør ved, finn ofte Somya, eller Joy som mange oftast kallar henne, vegen til hagen. Ho hadde ikkje vore så mange vekene i Nissedal før ho fann seg ein stad der ho kunne så og plante, vatne og gjødsle, få det til å gro og kjenne på gleda ved å rusle ut for å hente inn mangt av det ho treng i matlaginga. Frå tidleg sommarstid bognar det av tomatar, agurk, graskar, kålrot, lauk, persille, dill og jordbær, ja, meir enn det òg. Både det som blir til næringsrik mat og det som veks og blømer og lyser, slik som rosebuskar og solsikker, er med på å fylle dagane med glede og trivsel, noko Joy er oppteken av.

God barndomsheim nord i Thailand

- *Du var vel van til at du kunne så og hauste der du voks opp i Thailand?*

- Ja, eg voks opp i eit område som heiter Uttaradit, nord i Thailand. Der er det eit godt klima, så mange dyrkar ein del av maten dei treng. Eg voks opp med foreldra mine og i ein syskenflokk på seks der eg er den yngste. Vi hadde ikkje gard med dyr, men far min dyrka ris på eit område på om lag 50 mål. Frå vi var så store at vi kunne vere til hjelp, måtte vi vere med å plante på rismarkene. Far min måtte stadig sprøyte avlingane for å verne mot insekt og anna.

Det synte seg dessverre at sprøytemiddelet inneheoldt eit farleg giftstoff, noko som gjorde at han fekk kreft og døydde 52 år gammal. Det var naturlegvis tungt for mor å miste mannen sin og for oss å miste ein god far.



- *I oppvekståra dine var familien saman både i arbeid og fritid?*

- Ja, vi hadde hyggelege måltid saman. Foreldra mine la vekt på at vi skulle oppføre oss greitt. Mor mi ville gjerne gje råd om kva som var klokt å gjere og seie. Når vi hadde besøk i heimen, syntest far min at vi borna skulle høyre på dei vaksne.

Eg trur det var kloke råd som eg framleis har bruk for. Foreldra mine er døde, men rett som det er, er det mest så eg høyrer det dei kom med av gode råd, noko eg gjerne vil å gje vidare til borna mine, Pang og Wakim.

Seks år på folkeskulen

– *Samtidig som du budde heime og hjelpte til, gjekk du på folkeskulen eller grunnskulen?*

– Ja, eg tok til på skulen då eg var sju år. Eg høyrdet til det siste kullet som fekk seks års skulegang. Då kom det ny lov som utvida folkeskuletida til ni år. Eg lika meg godt på skulen, og syntest vi lærte mykje. Eg trur det òg kom av at eg hadde ein klok og god lærar. Mange unge i Thailand i dag ville nok kanskje ha meint at vi hadde eit gamaldags opplegg, men eg er glad for at eg hadde ein lærar som heldt god disiplin og orden. Vi lærte å lytte, og han la vekt på at vi skulle vere vennlege og høflege mot kvarandre.

Arbeidsliv og utdanning som thai-massør

Etter åra på folkeskulen fekk Joy prøve seg på arbeidsoppgåver av mange slag. I digre frukthagar i Chanthaburi var ho med på alt stellet av frukttrear fram til det var tid for å hauste. Deretter arbeidde ho for ein slaktar på ein stad som heiter Nakhon Phantom. Her blei ho særleg godt kjend med stell av oksekjøt. På restauranten Liverpool var ho både servitør og resepsjonist. Joy fekk lærerike år, men samtidig hadde ho fått tankar om å skaffe seg utdanning. Då ho var i hovudstaden Bangkok, la det seg til rettes med eitt års utdanning i thaaimassage. – Eg synest eg fekk eit lærerikt år der utdanninga hadde ein god kombinasjon av teori og praksis. Når vi hadde hatt teori om ein del av kroppen, t.d. ryggen, så var det tid for å praktisere det vi hadde lært med massasje, fortel Joy.

Frå Joy var nokså lita jenta, hugsar ho godt at ho har lika å bruke kroppen i ulike aktivitetar. Endå om det blei mange harde arbeidsdagar, syntest ho at ho måtte finne seg litt tid til trening, gjerne ein god joggetur. På den tid dukka det òg opp ein idrett som var noko nytt for jentene i Thailand. Nå kunne dei òg få lov til å prøve seg på fotball. Dette var noko Joy fekk god lyst til å vere med på. Slik blei det gilde år på fotballag med trening og kampar. – For mange var det underleg at ei jente skulle spele fotball. Eg minnest ein gong eg var på veg til trening og bar på fotballsko. «Kva er det du har der? Det er vel ikkje fotballsko?» spurde ein kar og glodde forstøkt på meg.

Familieliv og ein heilt ny retning mot nordlege breiddegrader

– *Så stifta du familie og fekk to born, og i den samanhengen har du vore open om at det etter kvart hende noko som gjorde det vanskeleg for deg?*

– Ja, eg synest det er greitt å vere open. Eg trur det gjer det lettare både for meg sjølv og andre. Det har høyrt til gammal skikk og kultur at ein mann som er gift, kunne få seg ei kone i tillegg. Men for svært mange i Thailand i dag, i alle fall der eg er kjend, blir denne skikken sett på som gammeldags og uheldig, og noko vi bør kvitte oss med. Då han eg var gift med, gjerne ville ha ei kone i tillegg til meg, svara eg tvert nei. For å gjere ei lang historie kort fekk eg heldigvis hjelp av tanta hans, Subin, ho som er gift med Olav Lauvrak, og som mange kjenner frå kaféen Subbinn. Slik fekk eg mot til å kunne satse på noko heilt nytt. Dette er òg bakgrunnen for at eg etter kvart hamna i Nissedal, seier Joy og smiler.

– *Det måtte vel vere litt av ein overgang å kome hit til snø og kuldegrader?*

– Ja, men heilt frå fyrste tida eg kom hit, har eg lika klimaet, naturen og dei skiftande årstidene her. Eg vil òg gjerne seie at eg har møtt hyggelege menneske over alt i heile kommunen. Eg minnest så vel frå fyrste tida då eg rusla oppover til butikken. Der stod Astrid (Løvdal) i glaset og vinka til meg. Ho kom òg med heimstrikka votter til både meg og Pang og Wakim. Ja, eg kunne gjerne nemne fleire hyggelege og snille menneske. Eg stortrivst i Nissedal. Klimaet her er nydeleg, det. Eg har i grunnen aldri lika for sterkt varme. Så fort det blir kaldare om hausten, set eg stor pris på å fyre opp i dei to største omnane. Arne har godt av å få trimme og bere inn ved, held Joy fram og ler godt.

Iherdig innsats på mange felt

Joy hadde ikkje budd lenge i Nissedal før ho gjorde seg kjent på mange område. I skogane har ho kvart år plukka litervis med bær. Når frysene har blitt fulle, har ho selt litt langs vegkanten, men ho har òg dela med seg med dei som ikkje har hatt like lett for å kome ut i skog og mark. Ved sida av arbeid i heimen og oppfylgjing av borna har ho hatt lyst til å ha hand om eiga inntekt. Slik er det mellom anna blitt arbeid med reinhald både på Canvas Hotel Telemark på Heimdalshøia og på Nisser hyttegrend og camping. Noko thai-massasje er det òg blitt, både på Canvas og heime.

Norsk statsborgar

Etter ei stund tok Joy òg til med norskopplæring. Etter at ho greidde

norskprøve 2 – på nynorsk – heldt ho fram med samfunnsfag og teoridelen i førarprøva.

– Det var herleg å få «lappen», seier Joy, – nå kan eg køyre på turar og til arbeid og skysse borna mine til skulen. Wakim går på Bø vidaregåande skule, der også Pang var elev. Eg har òg lenge hatt lyst til å køyre til Skien for å sjå ein fotballkamp med Odd, men akkurat nå må eg nok vente litt til.

– Du har blitt norsk statsborgar, men framleis vil du vel bere med deg arv og kultur frå det gamle heimlandet ditt?

– Ja, noko vil eg naturleg nok ha med meg, men slik eg har tenkt i dei siste åra, har eg stadig stor interesse og glede av å lære mest mogleg av norsk språk og kultur og vere ein del av det norske samfunnet. Eg er òg blitt glad i dei norske høgtidene. Eg bakar og pyntar til jol og har vore på adventssamlingar. Eg har òg opplevd at det er noko trygt og godt i kyrkja.

Somya Evja frå Thailand er tydeleg blitt ein stolt, norsk statsborgar, men me skal heller ikkje gløyme at me har fått ein gild sambygdning med arv frå «Smilets land» som me kan ha mangt å lære av.



TV

TRUSOPPLÆRINGA HAUSTEN 2020

FJONE BEDEHUS

Haustprogram

- Yngres. Sjå meldingar på FB-sida.
- Damenes. Kvar fyrste onsdag i månaden kl 19.
- BASAR. Fredag 20.november kl 18.30.
- Adventssamling . Sundag 6.desember kl 15.00

Program for sundagsskule og tårnagentar

Treungen bedehus

11.10. kl. 11.00:	Sundagsskule og Tårnagentar
18.10. kl. 11.00	Familegudsteneste 4 årsbok
01.11. kl. 11.00:	Sundagsskule og Tårnagentar
21-22.11.	Lys vaken
06.12. kl. 17.00	Adventssamling i Haugsjåsund
29.12.	Jolefest i bedehuset

Det vert tilbod for borna i sakristiet under vanlege gudstenester.

KYRKJEBYGDA BEDEHUS:

NISSEDAL SUNDAGSSKULE

11. okt. kl. 11.00
25. okt. kl. 11.00
8. nov. kl. 11.00
29. nov. kl. 11.00
13. des. kl. 11.00

NATTKAFÈ SISTE LAURDAG I

MÅNADEN

31. oktober

28. november



Pizzakos på nattkafè

Program Nissedal Yngreslag hausten 2020

Yngreskveldane er på Kyrkjebygda bedehus

I haust annankvar torsdagar frå kl. 17.30 – 19.00.

Vel møtt til alle frå 1.-7.klasse

Vi startar yngreskveldane med song og andakt.

Oktober

1. hobby – spel – bollar og saft
15. spel – hobby – utlodning
29. hobby – spel – bollar og saft


November

12. spel – hobby – utlodning
26. hobby – spel – bollar og saft

Desember

3. Gudsteneste i kyrkja kl. 18.00





GUDSTENESTELISTE med ofring hausten 2020

Oktober

03.	11.00	Treungen	Konfirmasjonsgudsteneste (kun for konfirmantar og gjester)	Kyrkjelydsarbeidet
	13.00	Nissedal	Konfirmasjonsgudsteneste (kun for konfirmantar og gjester)	Kyrkjelydsarbeidet
04.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste	Kyrkjelydsarbeidet
18.	11.00	Treungen	Familiegudsteneste. 4 årsbok Gullkonfirmantar	TV- aksjonen
	18.00	Nissedal	Nattverd	TV-aksjonen

November

1.	18.00	Nissedal	Minnegudsteneste.	Kyrkjelydsarbeidet
22.	11.00	Nissedal	Familigudsteneste	Acta Telemark
22.	18.00	Treungen	Nattverd	Acta Telemark
29.	17.00	Felle	1.s.i advent. Jolegrantenning	Diakoniprosjektet i Mali

Desember

03.	18.00	Nissedal	Gudsteneste saman med skulen Jolegrantenning	
06.	11.00	Treungen	Nattverd	Telemark søndagsskulekrets
20.	18.00	Treungen	Vi syng jola inn	Kyrkjelydsarbeidet
21.	09.30	Treungen	Skulegudsteneste	
24.	13.00	Felle		Kirkens Nødhjelp
24.	14.30	Treungen		Kirkens Nødhjelp
24.	16.00	Nissedal		Kirkens Nødhjelp
25.	11.00	Treungen	Nattverd	Diakoniprosjektet i Mali
27.	11.00	Nissedal	Nattverd	Diakoniprosjektet i Mali

Treng du skyss til gudsteneste kan du ringe eit medlem i Diakoniutvalet:

Liv Lia, tlf.: 414 470 19 eller Astrid Eidem Nordal, tlf.: 936 594 21

Program for Frikyrkja

**Vi oppmodar til å fylgje med på
www.treungenfrikyrkje.no då mykje er
usikkert og det kan kome fleire endringar i
programmet.**

Oktober

- 03. 11.00: Konfirmasjonsgudsteneste
- 12. 17.30 Friklubben
- 13. 19.00 Kvinneforening
- 19. 17.30 Speidaraktivitet
- 20. 19.00 Kveldskafé
- 25. 18.00: Familiegudsteneste: "Kveldssafari"
- 26. 17.30 Friklubb
- 27. 19.00 Kvinneforening
- 30. 18.00: Kurs om internkontroll og HMS
- 31. 10.00: Kurs om internkontroll og HMS

November

- 02. 17.30 Speidaraktivitet
- 03. 18.00 Dugnad og fellesskap
- 09. 17.30 Friklubben
- 10. Tilsynsmannen på besøk
- 10. 19.00 Kvinneforening
- 12. 12.00 Song- og hyggestund
- 15. 11.00 Gudsteneste. Nattverd
Sundagssk. og tårnag.
- 16. 17.30 Speidaraktivitet
- 17. 19.00: Kveldskafé
- 21.-22: "Lys vaken" 6.-7.kl
- 22. 11.00: Felles familiegudsteneste i Nissedal
- 23. 17.30 Friklubben, avslutning
- 28. Jolemesse på nett
- 29. 11.00 Misjonsgudsteneste. Nattverd
- 30. 17.30 Speidaraktivitet avslutning

Desember

- 01. 18.00 Dugnad og fellesskap
 - 08. 19.00 Kvinneforening
 - 13. 11.00 Familiegudsteneste.
Utdeling av 4 årsboka
 - 24. 15.00 Familiegudsteneste.
 - 29. 17.00 Sundagsskulens jolefest på Bedehuset
- Bøn torsdag kl 09.00**

Treungen Frikyrkje sin gåvekonto:

2714. 10. 06628 Vipps 2703

"Kveldssafari" sundagskveld 25.okt

Inspirert av "Nattsafari" på BGF i Kragerø planlegg Friklubben ein "Kveldssafari". Dette blir Frikyrkjas familiegudsteneste denne sundagen. Det blir påmelding og inndeling i grupper. Gruppene går ei runde frå Frikyrkja, ned på Nisserstien og tilbake.

På ulike plassar vil gruppene møte ulike unge skodespelarar som saman fortel den spennande bibelforteljinga om dronning Ester. Vi trur detta blir veldig bra og vi håper både unge og eldre har lyst til å få med seg denne spesielle opplevinga.

For meir info og påmelding: www.treungenfrikyrkje.no

Treungen Normisjon Bedehuset

Oktober

- Torsdag 01. kl. 19.00 Bibeltine Oddvar Svalastog
- Måndag 05. kl. 19.00 Bønsamling
- Torsdag 08. kl. 19.00 Møte, Lars Simonstad
- Torsdag 15. kl. 19.00 Dugnad/fellesskap
- Fredag 16. kl. 18.00 Basar (avlyst)
- Onsdag 21. kl. 19.00 Møte i Haugsjåsund,
Johannes Bakken

Torsdag 29. kl. 19.00 Møte, Arvid og Ester Lindal

November

- Måndag 02. kl. 19.00 Bønsamling
- Torsdag 05. kl. 19.00 Møte, Øyvind og Herdis Jørgensen
- Torsdag 12. kl. 19.00 Dugnad/fellessap
- Onsdag 18. kl. 19.00 Møte i Haugsjåsund
Ole Andre Eliassen

Torsdag 26. kl. 19.00 Møte, Terje Olafsen

Desember

- Torsdag 03. kl. 19.00 Noreamøte, Martin Birkedal
- Måndag 07. kl. 19.00 Bønsamling
- Torsdag 10. kl. 19.00 Bibeltine, Knut Bjørn Skyttemyr
- Torsdag 17. kl. 19.00 Dugnad/fellesskap

Treng du skyss, ring: 476 48 049 – 920 15 224

Treungen Bedehus sin gåvekonto:

2714. 20. 04653 Vipps 53692

Felle frikyrkje

4.okt. kl.11.00: Møte med tale av Jens Bergslund.
8.nov. kl.11.00: Møte med tale av Ole Bjørn Bjørnsen
13.des. kl.11.00: Møte med tale og song av Arvid Lindal.

Vel møtt!

Møte på Haugsjåsund grendehus

Onsdag 21.okt. kl.19.00: Møte med tale og song av Johannes Bakken.

Kollekt og enkel servering.

Onsdag 18.nov. kl.19.00: Møte med tale og song av Ole André Eliassen fra Radio Grenland.

Kollekt og enkel servering.

Sundag 6.des. kl.17.00: Adventsfest for store og små.

Adventstankar ved Torill Sønderland. Geir Enger og Marie Kornmo Enger hjelper oss med advents-og jolesongar.

Kollekt og enkel servering

Alle er hjarteg velkomne!

GULLKONFIRMANTAR I NISSEDAL KYRKJE 2020



1970- kullet.

Fremst: Oddveig Elisabeth Midtbø


Bakover frå venstre: Tone Gunn Løyte, Anny Karin Sandnes, Anne Andrea Vaa, Anne Magni Aarak, Olaug Åsne Nirsrud, Hilda Skjulestad, Jon Inge Nordbø, Øyvind Slokvik og Olav Dag Norberg



1969- kullet.


Fremst: Hilda Neset og Liv Torunn Sandnes

Bak: Jon Sanden



MELDINGSBLAD

NISSEDAL KOMMUNE



NR 3.

2020

BORNA I NISSEDAL KOMMUNE SOMLAR IKKJE BORT SOMMARFERIEN!



Hannah Vågen, Vilja Bakken og Anna Jablonska i 7.klasse vann premiar etter å ha lese mykje i sommarferien. Over 100 bøker blei ny personleg rekord på ei av jentene over.

Når skulen sluttar og sommaren kjem, kan det vere freistande å ta ferie frå alt. Det har ikkje borna i Nissedal kommune gjort. Born frå 1.-7. klasse har til saman lese 178.000 sider frå juni-august, det er fantastisk! 1400 bøker er lesne frå perm til perm eller blitt høyrt på som lydbok. Leselyst og konsentrasjon hjelper oss alle til å lære nye ting, og her har altså fleire born kome oss i forkjøpet i løpet av ferien.

Biblioteka arrangerer ein sommarleskampanje for å motivere born til å lese i sommarferien. Det har verkeleg fengt borna våre. 92 born har delteke her i kommunen, dette tilsvarar over 70% av målgruppa og gjer at Nissedal er nest best i heile Vestfold og Telemark. Det kan vi vere stolte av! Borna les og registrerer bøkene på sommarles.no. Då kjem snart hyggelege meldingar om at dei kan gå til biblioteket og hente velfortente premiar, som i år er armband, haitann, nydelege smykkesteinar

eller abaloneskjell. Så ser du born med tøffe Haitann-smykke, bør du passe deg for både tanna og for å bli slått i lesekonkurransen. For har du lese gjennomsnittlig 15 bøker i løpet av sommaren tru?

*Både gutar og jenter har delteke på Sommarles.
Her visast ein ny populær bokserie du kan
låne på biblioteket.*



*Guro Tveit i 3.klasse har lese mange bøker.
Ho fortel at grunnen til at ho blei med på
Sommarles var for å få premiar. Ho har fått
både armband, smykke og stein. Ei bok ho
likar godt er «Verdens verste gjeng»(Maja
Lunde) Den las ho saman med mamma*



*Monika Borgen Gundersen, også i 7.klasse har
høyrt mykje på lydbok i sommar. Ho liker at
det kjem mange boktips i Bookbites, (biblioteket på nett)
og at ho kan bestemme tempoet på forteljarrstemma sjølv.*



Me må dessverre avlyse

BYGDEKVELDEN

på Mila aktivitetssenter

fredag 23. oktober kl.19.00.

Ei ny utgåve av *Gamalt og nytt frå Nissedal*

blir til sals frå midten av november.

Med helsing frå Nissedal mållag

NISSEDAL SOKN VEST TELEMARK

Sokneprest Knut Bjørn Skyttemyr

Kyrkjekontoret: tys. og tors.

kl. 10-13

Tlf: 35 04 84 49 Mob: 90 79 93 68

e-post:

[knut.bjorn.skyttemyr@
nissedal.kommune.no](mailto:knut.bjorn.skyttemyr@nissedal.kommune.no)

Kyrkjeverje Bente Rønningen Meyer

Kyrkjekontoret: man., tys.,tors. kl. 9-13

Tlf: 35 04 84 43 Mob: 99 54 45 43

e-post:

bente.meyer@nissedal.kommune.no

Leiar soknerådet:

Anita H. Haugsjå

Nestleiar:

Asbjørn Nes Hansen

Kyrkjetenar/kyrkjegardsarbeidar

Anne Marie Larsson

Mob: 90 63 47 47

Klokkar i Treungen Kyrkje

Reidun Lauvdal

Mob: 95 06 52 01

Prostdiakon Eilev Erikstein

3890 Dalen, tlf: 35 07 71 88

Mob: 91 11 35 80

Kirkens SOS

Tlf: 22 40 00 40

Gje di gavé ved bruk av VIPPS

Kyrkjelyden har fleire nummer:

123534 Sundagens offer

123537 Kyrkjelydsarbeidet,

123538 Diakoniprosjekt i Mali

123539 Gavé til Kyrkjelydsbladet

FRÅ KYRKJEBOKA - NISSEDAL SOKN

Nissedal kyrkje

Dåp:

19.7.: Alida Husø Reime
Foreldre: Håkon Reime og Kristina Louise Steen Søvik Husø

23.8.: Emilie Fossli
Foreldre: Kjetil Fossli og Svanaug Fossli

26.9.: Johannes Byom-Nilssen Skyttemyr
Foreldre: Gjermund Skyttemyr og Ida Byom Nilssen

Treungen kyrkje

Dåp:

27.6.: Daniel Storbrua Hauge
Foreldre: Inge Egil Hauge og Heidi Storbrua

15.8.: Ella Halvorsen
Foreldre: Tore Harry Halvorsen og Helene Halvorsen

Vigsel:

15.8.: Helene Stykket og Tore Harry Halvorsen

Gravferd:

26.: Anna Elisabeth Børufsén
D: 22.6.20 F: 1936

27.7.: Magnhild Berggrund
D: 22.3.20 F: 1926

13.8.: Kjell Arve Sønderland
D: 3.8.30 F: 1947

1.9.: Jon Garberg D: 17.8.20 F: 1935

Felle kapell

Dåp:

6.9.: Nora Skåli
Foreldre: Kim Andre Pedersen Skåli og Lena Hansen

6.9.: Jens Sandåker
Foreldre: Bjørn Magne Sandåker og Caroline Sandåker

EI TALE FOR DEI SOM SER

Uventa gleder

I vår sådde eg blomsterfrø. Det er ikkje kvart år eg rekk det før tida har gått frå meg og hausten kjem. Men altså, i år gjorde eg det. Kjøpte tre slag frø og sådde heile pakkene. Nå får eg mange fine sommarblomar, tenkte eg. Frøa blei vatna og passa etter alle kunstens reglar, med plast og utan plast, i sol og skugge. Men trur du dei spirte? Tja. Det kom nokre få grøne tustar av kvart slag. Erteblomane var mest viljuge. Tagetes og blomkarse kom opp med kanskje fire planter kvar. Eg blei veldig skuffa. Kva hadde eg gjort gale?

Men dei små spirene fekk større potter og etter kvart blei dei nå planta ut i bedet. Blomkarse og erteblom ved garasjeveggen, der dei kunne få klatre, tagetes i eit anna bed.

Og sjølv om det var få og små planter, så voks dei i alle fall, og dei fekk gjødsel og vatn, og dei tok til å bløme! Hagen blei velsigna med gode duftar og flotte fargar.

Og dei blømde. Og dei blømde. Og dei blømer ennå!

Nå tenkjer eg at det ikkje gjorde noko at ikkje alle frøa spirte. Desse få plantene har gjett meg glede mange gonger om dagen i fleire veker. Og det mest uventa av alt, er at eg har blomkarse inne i garasjen også! Stenglane har funne vegen gjennom gliper i veggen og blømer for fullt på garasjegovet.

Eg som var misnøgd i vår, har fått uventa gleder utover sommaren og hausten av desse frø-posane mine. Dette får meg til å tenkje på tanta mi, Kari, som såg små gleder over alt i kvardagen sin. Og ho skreiv ofte ned tankane sine i takksame dikt.

Tidleg morgen på trappa

*Dei kvitra og song der dei sat på ei grein.
Eg drakk min kaffi, og sola ho skein.*

*Lufta var krydra med hegg og syrin.
Løvetann briska seg smørgul og fin.*


*Ved sida mi låg det ein kattradd og mol.
Og høyrdie eg rett, var det gauken som gol.*

*Doggdropar glitra som perler i enga,
og eg var så glad eg var komen or senga.*

*For tenk å gå glipp av ein morgen så flott!
Her sat eg og kjende at livet var godt.*

Viss eg bare ser meg ikring, er det mange gleder som ligg på lur. Det kan vere i naturen, i musikken eller i ei bok, men det kan også vere i møte med menneske i kvardagen.

Eg vil ikkje sture over frø som ikkje spirer. Eg har erfart at dei få som gjer det, kan bli opphav til uventa gleder i livet.



GBR-M./Kari Veu

KONFIRMANTHELG PÅ FJONE



Ei fin helg der konfirmantane i tillegg til å høyre Guds ord også fekk prøve seg på ulike aktivitetar. I år som dei (minst) siste 15 åra var Tor Eivind Lauvdal med som leiar.

SUNDAGSKULENS DAG

Ein fin dag der mange kosa seg med natursti etter gudstenesta.

